



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FA-U63
Arkivsaksnr: 16/737	Løpenr: 16/7278
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	15.12.2016	103/16	MS

SKJENKELØYVE ALKOHOLHALDIG DRYKK - RS SIKKERHET AS I LOKALA TIL EIKEDALEN SKISENTER AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

RS Sikkerhet AS (org.nr: 998 752 388) får med heimel i Alkoholloven §1-6 løyve til skjenking av alkoholhaldig drykk (gruppe 1,2 og 3 jf. Alkoholforskriften §1-1) i Eikedalen skisenter AS (org.nr: 931 921 568) sitt lokale «Varmestova».

Skjenketid: 15:00 – 24:00.

Løyyvet gjeld til og med 30.september 2020.

15.12.2016 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Kommunestyrerepresentantane diskuterte saka og **Martin Haugen (Bl)** bad om gruppemøte.

Etter gruppemøte sette **Martin Haugen (Bl)** fram følgjande framlegg til vedtak:

Det vert gjeve skjenkeløyve til RS sikkerhet AS, ved varmessova i Eikedalen skisenter, dersom søknaden vert endra til å gjelda laurdagar frå kl.16:00-24:00. Administrasjonen vert gjeve mynde til å godkjenna søknaden når dei nevnte endringane ligg føre. Skjenkeløyvet vert gjeve med ei prøveordning på eit år.

Det vart røysta over framlegget til vedtak frå **Martin Haugen (Bl)**. 12 stk. røysta imot dette vedtaket. Etterpå vart det røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak. 12 stk. røysta også imot dette vedtaket. Då utfallet av begge røysterundande resulterte i at det ikkje vart gjeve skjenkeløyve i det heile, vart det samrøystes vedteke at behandlinga skulle takast oppatt.

Monica Tjønna (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev ikkje skjenkeløyve til RS Sikkerhet. Dette hovudsakleg grunngjeve i lensmann sitt innspel i saka med tanke på dårleg ivareteke sikkerheit og at det er mindreårige til stades store delar av tida.

Martin Haugen (Bl) trekte sitt førre framlegg til vedtak og sette fram eit nytt:

Det vert gjeve skjenkeløyve til RS sikkerhet AS, ved varmestova i Eikedalen fredagar og laurdagar frå kl.15:00-24:00. Skjenkeløyvet vert gjeve med ei prøveordning på eit år.

Det vart røysta over dei to framlegga i tillegg til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Resultatet av røystinga vart som følgjer:

For framlegget frå Monica Tjønna (Sp):	For framlegget frå Martin Haugen (Bl):	For rådmannen sitt framlegg:
Monica Tjønna (Sp)	Knut Harald Frøland (Bl)	
Øyvind Røen (Sp)	Lena Tveit (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	
Gunn Totland Moss (Krf)	Martin Haugen (Bl)	
Inge Aasgaard (Krf)	Nils Aadland (A)	
	Bright Olav Gåsdal (A)	
	Vidar Tveiterås (A)	
	Olaug Øystese (A)	
	Harald Boge (A)	
	Ingvild R. Bogevik (Frp)	
	Gunnar Bruvik (Frp)	
	Odd Arne Haga (Frp)	
	Arild Røen (H)	
	Sture Tveit (H)	
	Øyvind Strømmen (MDG)	
	Jon Magne Bogevik (politisk uavhengig)	
Totalt: 5 røyster	Totalt. 16 røyster	Totalt: 0 røyster

Framlegget til vedtak frå **Martin Haugen (Bl)** vart vedteke.

KS-103/16 VEDTAK:

Det vert gjeve skjenkeløyve til RS sikkerhet AS, ved varmestova i Eikedalen fredagar og laurdagar frå kl.15:00-24:00. Skjenkeløyvet vert gjeve med ei prøveordning på eit år.

Dokument som er vedlagt:

Uttale til søknad om skjenkeløyve
Uttale til søknad om kommunalt skjenkeløyve

Dokument som ikkje er vedlagt:

Søknad om skjenkeløyve
Godkjent serveringsløyve
Alkoholoven
Alkoholforskriften

Kva saka gjeld:

Samnanger kommune har 12.09.2016 motteke søknad om nytt kommunalt skjenkeløyve alkoholhaldig drykk frå RS Sikkerhet AS (org.nr: 998 752 388) v/ Silvia Cadegan.

Styrrar for skjenkeløyvet (Alkoholoven §1-7c): Silvia Cadegan (f. 08.11.79)

Stedfortredar for styrrar (Alkoholoven §1-7c): Kari Nedrebø (f. 05.12.82)

Dagleg leiar for verksemda: Per Øyvind Ekerhovd (f. 11.09.70)

Eigartilhøve lokalet: Eikedalen skisenter AS (org.nr: 931 921 568)

Sentrale personar/ eigarinteresser (Alkoholoven §1-7b): Fredrik Tønjum

Skjenkeløyvet er meint å gjelde i lokalet til Eikedalen skisenter AS «Varmestova» i Samnanger kommune. (Lokalet er merka som 2 i løypekartet under.)

Dette lokalet er på 204m², og kan romma i følgje branninstruksen totalt 220 personar fordelt på 90 sitjeplassar og 130 ståplassar.



<ul style="list-style-type: none"> 1 Billettsalg 2 Varmestue 4 Skiskole 5 Skjermet barneområde 6 Seterstuen 	<ul style="list-style-type: none"> 3 Servicebygg <ul style="list-style-type: none"> • Billettsalg • Kafeteria • Skiutleie / Ski shop • Oppbevaringsbokser 	<ul style="list-style-type: none"> A Tveingulløypen (990 m) B Stolheisen (1800 m) C Veraheisen (180 m) D Setertrekket (910 m) E Tallerkentrekket (550 m) F Fjellheisen (860 m) G Tobiasheisen (300 m)
<p>— Vanskelig løype</p>	<p>— Middels løype</p>	<p>— Lett løype</p>

For å få godkjent skjenkeløyve må ein ha godkjent serveringsløyve.

RS Sikkerhet har i delegert vedtak 246/16 fått godkjent serveringsløyve av Samnanger kommune.

Omfang og skjenketid:

Søklar forventar, i følgje søknaden, at omsetnad på alkoholhaldig drykk vil utgjera ca.50% av den totale årsomsetnaden i firma.

Søklar har eit ønske om følgjande skjenketid, og oppgjer følgjande forventa omsetnad av alkoholhaldig drykk:

Gruppe jf. alkoholforskriften §1-1:	Antal liter pr. år:	Skjenketid:
Gr. 1	1400 liter	Kl. 10:00 – 02:00*
Gr. 2	280 liter	Kl. 10:00 – 02:00*
Gr. 3	84 liter	Kl. 13:00 – 01:00*

*i tillegg til skjenketid kjem «fortæringstid» på ½ time (Alkoholloven §4-4,6.avsnitt)

På heimesida til Eikedalen skisenter finn ein opningstider for skitrekket sesongen 2016/2017.

Dei er som følgjer:

ÅPNINGSTIDER DESEMBER:

Fra sesongstart, hver lørdag og søndag; 10.00-15.30

24. og 25. desember: 10.00-15.00

F.o.m. 26.desember t.o.m. 31.desember, hver dag: 10.00-15.30

Vi har ikke kveldsåpent i desember.

ÅPNINGSTIDER JANUAR:

Lørdag og søndag: 09.30-16.00

Kveldskjøring tirsdag, onsdag, torsdag og fredag: 17.00-21.00

Planlagt start for kveldskjøring er 3. januar.

Eventuell åpning på dagtid i ukedagene vurderes fortløpende.

ÅPNINGSTIDER FEBRUAR:

Hver dag: 09.30 – 16.00

Kveldskjøring tirsdag, onsdag, torsdag og fredag: 17.00-21.00

ÅPNINGSTIDER MARS:

Hver dag: 09.30- 16.00

Kveldskjøring tirsdag, onsdag, torsdag og fredag: 17.00-21.00

NB! Siste kveldskjøring blir fredag 24. mars.

ÅPNINGSTIDER APRIL:

Åpent hver dag til 17.april 09.30-16.00.

Vi har ikke kveldskjøring i april.

Skiutleie/Skishop og serveringsstedene har samme åpningstider som heisene.

Skiskolen er åpen i helgene og jule-/vinter-/påskeferie.

Historikk:

Det er ein gong tidlegare, i 2000 søkt om skjenkeløyve i Eikedalen skisenter. Den gong av Eikedalen skisenter AS v/ Fredrik Tønjum i lokalet «Seterstuen» (merka som 6 i løypekartet).

Vedtak i kommunestyremøte 12.12.00 i sak 0056/00:

Samnanger kommune går inn for at Eikedalen skisenter får skjenkeløyve for 5 laurdagar vinteren 2001. Det må vera mannskap på staden som kan styra heisane i evt. nødstilfelle som kan oppstå så lenge det er folk i løypene.

I samsvar med presisering av søknaden vert skjenkeløyve innvilga for fylgjande laurdagar: 20.01.01, 10.02.01, 24.02.01, 10.03.01 og 14.04.01. Dersom skjenking ikkje vert gjennomført på den innvilga dato m.a. pga værtilhøve, må det gjevast melding til Samnanger kommune, eining for sosiale tenester innan onsdag i same veka. Dette av omsyn til kontrollmynde.

Vurderingar og konsekvensar:

Samnanger kommune har i brev datert 20.09.2016 bedt sosialtenesta NAV Samnanger og Politiet om uttale i saka.

Begge uttalane ligg vedlagt dette saksframlegget.

NAV Samnanger har i sitt skriv datert 21.09.2016 ikkje nokon merknader i saka.

Kvam og Samnanger lensmannsdistrikt v/ lensmann Terje Sperrevik si uttale datert 05.12.2016 inneheld merknader som omhandlar blant anna skjenkeareal, området sin funksjon, skjenketida og sjølvstakt dei involverte partane.

Konklusjonen frå lensmannen si uttale:

Med bakgrunn i det som er skrevet framfor, gjev lensmannen i Kvam og Samnanger uttale på at det ikkje vert gjeve løyve til servering av alkohol i området til Eikedalen skisenter. Dette vert grunngeve med tryggleiken, og sikkerheita i skianlegget, samt dei ordensmessige utfordringane politiet vil kunna få, som følgjer av overstadig rusa personar. Ein viktig faktor i denne vurderinga til politiet, er synet på området som eit rekreasjonsområdet for barn og unge, men ikkje minst at barnefamiliar generelt nyttar området i stor grad.

Dersom Samnanger kommune trass i lensmannen si uttale likevel vedtek å gje skjenkeløyve til RS Sikkerhet AS, ber lensmannen om at ein vurderer følgjande tema:

- Tryggleik
- Aldersgrense i lokalet
- Skjenketida
- Prøveordning
- Politigodkjent dørvakt

Lensmannen meiner ein bør setja klare villkår for eit eventuelt skjenkeløyve.

Utvikling

Alpinanlegg som blant andre Myrkdalen Fjellheiser og Voss Resort Fjellheisar AS i Voss, Folgefonn Sommerskisenter i Jondal samt Røldal Skisenter i Odda har blant anna resturantar, pubar, overnattingsstader som hotell og gjestetun i nærområda. I alle desse kommunane vert det halde såkalla «Afterski» arrangement. Dei fleste med alkoholserving.

Området Eikedalen på Kvamskogen er i stor utvikling, og kan difor meir og meir samanliknast med dei store alpinanlegga i Noreg.

Fleire og fleire alpinanlegg vert «omringa» av fjell-landsbyar. I desse fjell-landsbyane vert det arrangert ei rekkje ulike arrangement både med og utan skjenking av alkohol.

Dersom RS Sikkerhet AS får skjenkeløyve, vil sjølvstakt kommunen halda god kontakt med skjenkekontrollen i Kvam samt politiet. Samnanger kommune har, i ei årrekkje, saman med ei rekkje kommunar i Hordaland hatt interkommunalt samarbeid med skjenkekontrollen i Kvam.. Skjenkekontrollen i Kvam har kontrollmynde i kommunar som Voss, Jondal og Odda.